


Held fram som leiar av Indremisjonen

30.01.2015



Jon Harald Kjærland er veteran, men held fram som leiar.

**Jon Harald Kjærland held fram som leiar av Indremisjonen i Uskedalen, som har hatt årsmøte i Bedehuset ikveld. I velkomst-tala si oppmoda han om at dei som er med bør sjå arbeidet i ein lengre og større samanheng for å versetta det..- Fellesskapa vert meir inkluderande om vi oftare tek fram glimtet i auga, framsnakkar kvarandre og set pris på kvarandre, sa han og la til:**

- Kanskje skal vi i dette året løfta blikket litt høgare slik at denne gløtt av himmel vert ein inspirasjon og meir konkret for oss.

Styret består etter møtet av Kjærland, Aud Isaksen Haugland, Jan Tvedt, Sella Hjønnevåg og Knut Olav Myklebust. Tormod Myklebust gjekk no ut av styret og fekk blomehelsing som takk for styreverv gjennom mange år. .

Kjærland peika også på at medlemstalet av vaksne har stått i ro i dei siste 10 åra. Men i barnelaga Småbarnstreff, Dei kreative og Hobbyklubben vert det kvart år rekruttert nye medlemmer.

- Dette er misjonsarbeidet vårt, her når vi lenger ut, ikkje minst på grunn av trufaste, dyktige leiarar og av eit godt samarbeid med kyrkja, soim no er Oddbjørg og Lina, understreka Kjærland. Oddbjørg, som er kyrkjelydssekretær, held kveldens andakt om såkornets verknad i Guda rike, Lina er den nye presten.

Kasserar Aud Isaksen Haugland kunne mæla om eit overskot under basaren på 29 406 kroner og eit generelt overskot på 33 779 kroner.

Festen 17. mai skal sløyfast på grunn av få frammøtte og få tilskiparar. Bedehustaket må repareraast på grunn av svake punkt. Truleg må det gjennomførast ein innsamling til dette føremålet. Det kan også vera aktuelt å satsa på eit songanlegg.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen

